




Hjarthdal kommune
Etaten for næring og utvikling
3692 Sauland

Landbruksdepartementet
Avdeling for skog- og ressurspolitikk
0030 OSLO



Dykkar ref.:

Vår ref.: 2003001157-3

Arkiv: V19

Dato: 04.12.03

HØYRING VEDK. NYE FORSKRIFTER OM TILSKOT I LANDBRUKET

Det visast til høyringsbrev frå Landbruksdepartementet av 28.10.2003.

Uttale frå Hjarthdal kommune vedk. utkast til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket følger vedlagt.

Med helsing

Harald Helliksen
Harald Helliksen
skogbrukssjef

Vedlegg

Hjartdal kommune

Styre, råd, utval	Møtedato	Saknummer	Sakshandsamar
Fullmaktsvedtak Næring og teknikk	03.12.03	052/03	HH

Saksansvarleg: Harald Helliksen	Arkiv: V19	Arkivnr.: 2003001157
---------------------------------	------------	----------------------

HØYRING VEDK. NYE FORSKRIFTER OM TILSKOT I LANDBRUKET

Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	13.11.03	Landbruksdepartementet	HØRING PÅ UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL SPESEILLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET.

Vedlagte dokument:

Dokument nr. 1.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Forskrifter til jordlova.

Bakgrunn for saka:

Frå og med 2004 skal saker som gjeld tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket avgjerast av kommunen. Slike saker har tidlegare gått frå den enkelte søkjar via kommunen og vidare til landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen for avgjerd.

Utkast til nye forskrifter for desse tilskotsordningane er sendt ut på høyring av Landbruksdepartementet med svarfrist 11. desember 2003.

Forskrifta vedk. miljøtiltak i landbruket skal erstatte ordningane STILK (spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap), IMT (investeringsstøtte til miljøtiltak), MOMLE (miljøretta omlegging i kornområdene) og "områdetiltak". Ordlyden i den nye forskrifta er at det kan gis tilskot til gjennomføring av tiltak som tek vare på miljøverdiane i landskapet og som medverker til å hindre eller redusere forureining eller risikoen for forureining frå landbruket. Tiltak må gå utover det ein kan rekne med ved vanleg landbruksdrift. Det kan og gis tilskot til prosjekt som fører fram til planar for konkrete tiltak som nemnt over.

Forskrifta vedk. tiltak i skogbruket opnar for tilskot til skogkultur (men ikkje til planting og såing), vegbygging, miljøtiltak og andre tiltak/prosjekt (men ikkje til drift med taubane). I følge høyringsbrevet vil det og ved tildeling av midlar bli lagt til grunn at tilskot til vegformål ikkje kan utgjere meir enn maksimalt 50% av tildelt beløp til skogtiltak i den enkelte kommune.

I høyringsbrevet står det at Stortinget gjennom denne overføringa av mynde ynskjer å styrke det lokale sjølvstyret, vitalisere lokaldemokratiet, gi kommunane betre høve til å sjå